




Frå kongesaga til oljeeventyr.

From heroic legend to oil industry.



Avstander/Distances:

Bergen - Knarvik	22 km
Knarvik - Sletta - Austrheim	35 km
Knarvik - Manger - Austrheim	42 km
Austrheim - Lindås - Knarvik	54 km

Reiserute

Når ein køyrer nordover frå Bergen på E39 til Nordhordland, køyrer ein etter omlag 20 km over Nordhordlandsbrua (1) som går frå Salhus over til Flatøy i Meland kommune.

E39 følgjer ein i omlag 2 km til Knarvik(2). Herfrå følgjer ein Rv57 til neste kryss, der ein tek inn på Rv565 til Radøy.

Rv565 går forbi Alverflaten (3) og over Alversundbrua til Radøy - den grønne øya. Vidare langs den idylliske Alverstraumen (4).

På Radøy følgjer ein skiltinga til Austrheim. På vegen passerer ein tettstaden Sletta (5). Eit alternativ er å køyre vegen om Manger på vestsida av Radøy (6).

Når ein kjem over Fosnstraumbua (7) til Austrheim følgjer ein Rv565 til kyrkja og vidare i retning Fønnes. Ta gjerne avstikkaren ut i øyriket i Austrheim og sjå mellom anna det verna naustmiljøet på Krossøy! Avkøyring like etter kyrkja på Rv568.

Austrheim har ein vakker natur (8) som innbyr til naturopplevingar og rekreasjon (9). Ved Mongstad (10) kjem ein inn på Rv 57 og ein køyrer

Route

Driving north from Bergen on the E39 towards Nordhordland, after about 20 km you cross the Nordhordland Bridge (1) from Salhus to Flatøy island in Meland district.

Continue on E39 for about 2 km to Knarvik (2), then follow Rv57 to the next junction, where you turn onto Rv565 towards Radøy.

Rv565 passes Alverflaten (3) and crosses the Alversund Bridge to Radøy, the green island, continuing alongside the picturesque Alverstraumen.

From Radøy, follow the signs to Austrheim. The road passes the village of Sletta (5). Alternatively you can take the road via Manger on the west side of Radøy (6).

After crossing the Fosnstraum Bridge (7) to Austrheim, follow Rv565 to the church and continue in the direction of Fønnes. You might like to make a detour into the Austrheim archipelago to see the preserved waterfront buildings on Krossøy. Turn off on Rv568 just past the church.

Austrheim district has beautiful countryside (8) with lots of wildlife and recreational facilities (9). At Mongstad (10) turn onto Rv57 and drive



Radøy er «den grønne øya» i Nordhordland. Den vakre og frodige naturen i kommunen buktar seg roleg og dovent mot Nordsjøen. Kulturen står sentralt i Radøy. Vestnorsk Utvandringssenter ligg på Sletta, og fortel om utvandrarhistoria til tusenvis av nordmenn som utvandra frå Noreg til Amerika mellom 1836 og 1924. Folketal: Om lag 4.500.

Radøy is «the green island» of Nordhordland. The beautiful, lush landscape of Radøy rolls leisurely and lazily towards the North Sea. Culture is focal on Radøy. The Western Emigration Center is situated at Sletta and relates the story of the thousands of Norwegians who emigrated to America between 1836 and 1924. Population: Around 4.500.



Austrheim kommune ligg lengst nordvest i Hordaland.. Karakteristisk for området er kulturlandskapet med lyngheiane, som i vikingtid prega kysten av Europa frå Noreg til Portugal. Noregs vestlegaste fastlandspunkt, Vardetangen - ligg i Austrheim. Folketal: Om lag 2.600.

Austrheim, with its distinctive heather moors, lies in the far north-west of Hordaland. In the Viking Age moors like these were to be found all along the coast of Europe - from Norway to Portugal. Vardetangen - the westernmost point of mainland Norway lies in Austrheim. Population: Around 2.600.



Lindås er ein fjord- og kystkommune. Gjennom idylliske Alverstraumen ut mot Feste - sommaridyllen for båtfolket - er du på veg til Lygra, der det kulturhistoriske og kunnskapsbaserte Lyngheiseretret opnar. Bøkeskogen, den nordlegaste viltveksande bøkeskogen i verda, gjev deg eksotisk og spanande vandring. Folketal: Om lag 12.000.

Lindås is a fjord and coastal municipality. Pass through the picturesque Alverstraumen sound towards Feste - the ideal summer haven for boating tourists - en route to the Heather Moorland Centre at Lygra where cultural history will be kept alive and communicated. You can go for an exciting stroll in the world's northern-most beech wood, which has existed since the Viking Age. Population: Around 12.000.



Foto: Jostein Vågenes



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

sørover Lindåshalvøya. Ein køyrer forbi tettstader som Lindås (11), Vågs- eidet og Seim (12).

Rv 57 følgjer ein også forbi Isdalstø (13) (14) og til rundkøyringa ved Knarvik. Ta E39 attende til Bergen.

Stader og ymse av interesse:

Dette bør du merka deg på di reise i Nordhordland:

Sjøbuene og handelsstadene. Ver på utkikk etter dei mange vakre sjøbuene. Du fer forbi gamle handelsstader og dampskipskaiaer. Legg også merke til dei mange fine naustmiljøa.

Stein og brake. Legg merke til byggekunsten på strilelandet. Steingavler i hus og løer og naust av stein. Steingardar og terassemurar. Enno finst her brakeløer, hus som er kledde med einer i gavlane.

(1) Nordhordlandsbrua

Denne brua er 1610 meter lang og er unik i sitt slag. Stor ingeniørkunst er utvist på denne verdas lengste flytebru utan sideforankring.

(2) Nordhordland Reiselivslag, Turistinformasjonen

Følg skiltinga til Turistinformasjonen i Knarvik Hjarteleg velkommen innom om du ynskjer meir informasjon om Nordhordland! Knarvik Senter ligg like ved Turistinformasjonen. I Knarvik finn du også Sveins Grill for hurtig matserving.

(3) Alver Hotel

På Alverflaten like før tettstaden Alversund, kan ein svinge av til Alver Hotel. God restaurant.

(4) Rhododendronhagen

Omlag 4 km frå Alversundsbrua ligg Rhododendronhagen. I den eksotiske hagen er det over 300 forskjellige rhododendrontre og ei rekkje andre plantar frå alle verdsantar.

(5) Sletta

Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta opna 4. juli 1997. Besøk senteret som ligg i den vesle emigrantkyrkja, flytta frå Brampton i USA til Sletta.

(6) Vestsida av Radøy

På vestsida av Radøy køyrer ein også på Rv565 til kommunesenteret Manger. På vegen kan ein ta ein avstikker til Bogatunet - eit gammalt langhus. Frå Manger kan ein ta avstikkaren til øya Toska. Vidare held ein fram nordover til Austrheim via Bøvågen og Nordanger. I Bøvågen tilbyr Radøytunet og Meieriet matserving.

(7) Steinalderbuplassar

Langs Fosnstraumen er det funne mange spor etter steinalderbuplassar. Eit lite stykke etter Fosnstraumbua ligg kulturstien til Hoplandskvernane der informasjonsskilta fortel om menneska og deira livsgrunnlag i yngre og eldre steinalder.

(8) Lyngheiene

Legg merke til dei fine lyngheiene i Austrheim. I august blømer lyngheiene i Austrheim og lyser i lilla og purpur. Heilt fram til våre dagar har lyngheiene vore ein viktig del av livberginga på strilelandet. Lyngsviing og lyngslått har vedlikehalde kystlandskapet gjennom 2000 år.

(9) Vardetangen

I Austrheim ligg det vestlegaste fastlandspunktet i Norge. Ein kan sjå det på eit nes på venstre side på toppen av Kjelstraumenbrua. Sjå etter varden som er bygd opp i stein på neset. Tursti frå Fønnes Kai til Vardetangen.

(10) Mongstad

Køyr inn til Mongstad og følg vegen som går parallelt med hovudvegen. Sjå det store oljeraffineriet. Her blir olja frakta i land frå Nordsjøen og vidareforedla til ulike produkt.

(11) Westland Hotel

På Lindås svingar ein av Rv57 og følgjer skiltinga til Westland Hotel. God restaurant.

(12) Seim, Håkonshaugen

Ta av Rv57 til høgre mot Seim. I følgje sagatradisjonen vart Håkon den Gode gravlagt på Seim. Gravhaugen - «Håkonshaugen» ligg like sør for Seim kyrkje. Nyt den storslåtte utsikta over bygda og Seimsfjorden.

(13) Isdalsgardane

Isdalsgardane er eit av dei få klyngjetun som ligg att i Hordalandsbygdene. Dei lange, låge lemstovene ligg i eit tett tun på venstre sida av Rv57 like før ein kjem til Isdalstø.

(14) Garveriet

I krysset i Isdalstø er det skilta avkøyring til høgre til Garveriet Restaurant. God, maritim restaurant.

south across the Lindås peninsula, passing villages such as Lindås (11), Vågseidet and Seim (12).

Continue on Rv57 past Isdalstø (13) (14) to Knarvik roundabout, then take the E39 back to Bergen.

Places of interest and attractions:

Some things to look out for on your visit to Nordhordland:

Boathouses and trading posts. Keep an eye open for the many fine boathouses as you pass old trading posts and steamship quays. Notice also the well-preserved waterfront buildings.

Stone and juniper. Look out for the traditional architecture of this coastal region. Stone gables, hay barns and boathouses. Stone walls and terraces. You can still see barns with juniper-covered gables.

(1) Nordhordland Bridge

The 1,610 m long bridge is unique. Great engineering skills went into building this, the world's longest pontoon bridge without side anchoring.

(2) Nordhordland Tourist Board, Tourist Information

Follow the signs to «Turistinformasjonen» in Knarvik. Do come in if you need more information on Nordhordland! Knarvik village centre is adjacent. Visit Sveins Grill in Knarvik for fast service.

(3) Alver Hotel

At Alverflaten, just before Alversund village, you can turn off to Alver Hotel. Good restaurant.

(4) Rhododendron Garden

About 4 km from the Alversund Bridge, the exotic Rhododendron Garden contains over 300 different rhododendrons and various other plants from all over the world.

(5) Sletta

The Emigrants Centre at Sletta opened on 4 July 1997 and is based in the tiny emigrants, church, moved from Brampton, USA, to Sletta.

(6) Radøy's west side

You can follow Rv565 up the west side of Radøy to Manger, the district's administrative centre. En route you can make a detour to Bogatunet, a preserved longhouse. From Manger you can take a trip to Toska island, before continuing north to Austrheim via Bøvågen and Nordanger. Cafe/restaurant at Radøytunet and Meieriet in Bøvågen.

(7) Stone Age houses

Many traces of Stone Age buildings have been found alongside Fosnstraumen. A short distance beyond the Fosnstraum Bridge, the heritage trail to Hoplandskvernane (mills) has information boards describing Stone Age people and their way of life.

(8) Heather moors

Look out for the lovely heather moors in Austrheim district, which blossom in pink and purple every August. Right up to our times, the heather moors formed an important part of the livelihood of coastal dwellers. Heather burning and cutting have kept the coastal landscape the same for 2,000 years.

(9) Vardetangen

Austrheim district includes the most westerly point on the Norwegian mainland. You can see this headland, with its cairn, on your left from the top of the Kjelstraumen Bridge. Footpath from Fønnes Quay to Vardetangen.

(10) Mongstad

Turn off to Mongstad and follow the road running parallel to the main road. Notice the big oil refinery, where North Sea oil comes ashore and is turned into various products.

(11) Westland Hotel

Leave Rv57 at Lindås and follow the signs to Westland Hotel. Good restaurant.

(12) Seim, Håkonshaugen

Turn right off Rv57 towards Seim, where legend has it that King Håkon the Good lies buried. The burial mound, «Håkonshaugen», is just south of Seim church. Fine views of the surrounding area and fjord.

(13) Isdalsgardane

Isdalsgardane is one of the few remaining traditional villages in Hordaland. The long, low, barn-like buildings form a dense group on the left-hand side of Rv57 just before Isdalstø.

(14) Garveriet

At Isdalstø crossroads, a signposted turning on the right leads to Garveriet Restaurant. Good food with a nautical flavour.